

Strandebarmar

I bygginga av denne båttypen har me prøvd å fanga inn byggjetekniske og formmessige trekk som er karakteristiske for færingane rett før krigen. Båtane vert bygde med 4 eller 5 bordgangar. Festemidla er av galvanisert jarnsaum og furunaglar. Båtane har midtbete, fast framtofte, lange esingar og nauarong mot stammen. I bordsuene vert det nytta tjøre og hamp. Denne båttypen ber med seg dei gamle byggjerekka samstundes som dei er tilpassa nye marknader som fritids- og lystbruk.

For år 2019 gjeld følgjande prisar ekskl. mva. for strandebarmar færing:

Skrogferdig ubehandla	80 000.-
Sjøklar båt, tjørebehandla	96 000.-
Sjøklar båt, ovatrolbehandla	120 000.-

Ekstra for koparsaum: 3600,-

Ekstra for smidd saum: 7800,-

Ekstra for einernaglar: 4200,-

Alle prisar er ekskl. mva levert Norheimsund. Med båtane følgjer fullt sett årer, tiljer, tofter og ausekar. Tradisjonell rigg vert levert etter avtale. Me byggjer óg båtar etter kunden sine egne spesifikasjonar. Kontakt oss for nærare informasjon. Med atterhald om prisauke og feil.

Vi tilbyr óg andre båttypar, kurs, demonstrasjon og formidling av båtbyggjarhandverket.

Kontakt båtbyggjar Peter Helland-Hansen for tilbod:

Mobil 480 62 449 / e-post peter.helland.hansen@hvm.museum.no